

BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD KOMMUNALT
OPPGAVEFELLESSKAP
Hellebakken 45
5039 BERGEN

Avslag på søknad om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2023

- Sauøy, padlehuk ved Sauøyna friluftsområde, med anleggsnummer 80250 i Austrheim kommune.

Vestland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og integrering har fordelt spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i møte 23. mai 2023.

Søknaden er avslått på grunn av låg prioritering i forhold til andre søknadar som var til behandling. Midlane som er tilgjengeleg i ordninga strekk ikkje til alle søknadene som er fremja.

Søknaden tilfredsstiller samstundes dei formelle vilkåra for tilskot, og kan fremjast på nytt i neste søknadsrunde. Søknaden kan fornyast når det vert opna for innsending av søknader i neste søknadsperiode. Ta vare på søknadsnummeret frå årets søknad.

Hugs å oppdatere kostnadane dersom det er endring.

Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkerar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kultur- og likestillingsdepartementet for endeleg avgjerd.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur og folkehelse (KFO)

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef
KFO – Fysisk aktivitet og inkludering

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: **Austrheim kommune**